



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 24.09.2020
Møtestad: Austrheim samfunnshus/Teams
Møtetid: 18:00 - 22:10

- Spørjetime
- Økonomi (ved Odd Harald Dommersnes)
- Korona-situasjonen (ved fleire)
- Status for organisasjonsprosjektet (ved Odd Harald Dommersnes)
- Framdriftsplan skulebruksplan (ved Bjørnar Fjellhaug)
- Avtale med Alver om Åsheim-elevane (ved Bjørnar Fjellhaug)

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Hardy Pedersen	AP
Morten Sognnes	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Thomas Lindås

Austrheim 8. oktober 2020

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
079/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
080/20	Godkjenning av møteprotokoll
081/20	Meldingar
082/20	Orienteringssak
083/20	Adgang for folkevalde organ til fjernmøte
084/20	Alkoholpolitisk plan 2020 - 2024 - Austrheim kommune (etter høyring)
085/20	Kommunale bygg i Austrheim kommune
086/20	Medlemskap i Nettverk fjord- og kystkommunar (NFKK)
087/20	Finansreglement
088/20	Innkjøpsreglement
089/20	Innkjøpsstrategi
090/20	Oppseiing av avtale mellom Austrheim sokn og Austrheim kommune
091/20	Val av forliksråd for perioden 2021-2025
093/20	Tertialrapport II 2020

079/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein hadde oftare møte sidan dette møtet delvis var på Teams. Kan ikkje ha like lange møte på Teams, som når det er fysisk møte.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det var OK å ha førre møte i kommunestyret som fjernmøte. Kommunalsjef Thomas Lindås svara at dette var OK, møtet i juni var OK etter det om galdt då.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 079/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

080/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Protokollen frå møtet 30.06 låg ikkje ved i innkallinga. Denne kjem med til neste møte.

Vedtak i kommunestyret:

Godkjenninga av møteprotokollen frå 30. juni er utsett til neste møte, sidan den ikkje låg ved innkallinga.

KS - 080/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Godkjenninga av møteprotokollen frå 30. juni er utsett til neste møte, sidan den ikkje låg ved innkallinga.

081/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Reidar Øksnes (Sp) kommenterte Regionrådet sin uttale til Utviklingsplan for Vestland, og spurte kvifor oljenæringa ikkje er nemnt i det heile. - At me har ein levande region, er tufta på at me har ei levande oljenæring. Dette er noko ein godt kan melda tilbake. Ser at me må gå mot eit grønt skifte, men når ein ser kor mange tusen som jobbar i oljerelatert så er det skuffande at det ikkje er nemnt. Per Lerøy (Ap) sa at regionrådet mellom anna jobbar for blå hydrogen, basert på naturgass kombinert med fangst og lagring av CO2.

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 081/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

082/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Det var spørjetime før kommunestyremøtet:
Innsendt spørsmål frå KF, ved Helge Dyrkolbotn:

*Ynskjer svar på fylgjande spørsmål i spørjetimen i kommunestyremøte 24/9-20
Bruk av konsulentar*

I fleire formannskapsmøte har det frå politisk hald vore gjeve sterke signal om at bruk av konsulenter skal begrensa og helst kuttast ut. Bakgrunnen er at dette ofte er kostbare løysingar, og at ein meiner at kommunen si rådmannsgruppe no må kunne ha kompetanse til å handtere meir sjølv.

Austrheim KrF ynskjer svar på fylgjande:

- Kva konsulentar har vore innleigd hittil i 2020?*
- Kva oppgåver har desse ulike hatt?*
- Kva kostnad har kommunen hatt ved bruk av dei ulike konsulentane?*
- Kva konsulenttenester ser ein for seg ut resten av året, og kva kostnader er knytt opp til desse?*
- Har alle konsulenttenester vore satt ut på anbod etter gjeldande lover og reglar?*

Mvh

Helge Dyrkolbotn

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes svara på KrF sine spørsmål om innkjøp. (Sjå også presentasjon som ligg ved møteboka)

- Det er tre innkjøp som er over grensa for offentlege anskaffelsar. Dette er verksemdene:
 - Barnevernfaglig AS, denne kontrakten var ikkje utlyst men er utløpt no etter at barnevern er felle med Alver kommune.
 - Norconsult, dei fekk denne avtalen etter utlysing iht offentlege anskaffingar. (Norconsult er inne og gje arbeid på V/A-feltet, og har no også prosjekt på skule).
 - Bedre organisasjon AS, denne kontrakten var ikkje utlyst, dette er eit avslutta oppdrag.
- Dommersnes gjekk også gjennom andre innkjøp, sjå liste som ligg ved møteboka.
- Oppsummert sa Dommersnes at det er brukt kring 1,6 millionar så langt i 2020 på konsulentar, og av det som ikkje låg i budsjettet var særleg Barnevernfaglig AS, der kommunen måtte leiga inn sakshandsamar for å ta unna saker.

Helge Dyrkolbotn (KrF) takka for svaret.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om badeaktivitetar i Mastrevik. - Eg ønskjer at kommunen ikkje støttar badeaktivitetar i Mastrevik, kan heller bruka Øksnes eller Årvikane. Vil kommunen frårå denne typen aktivitet til det er rydda opp i Mastrevikane?

Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at ein denne sommaren har fått tatt vassprøvar i Mastrevikane i regi av Miljøretta Helsevern, og prøvane var OK. Miljøretta helsevern i Alver sjekka sju badeplassar i Austrheim, to i Mastrevik, der ein både testa badeplassen/slippområdet og ved båtane, med godt resultat. Vidare er det slik at etter at den mekaniske verksemda avslutta sin aktivitet i 2005, så er det nok forureining i grunnen etter denne aktiviteten. Statens forureiningstilsyn (SFT) engasjerte i si tid Norconsult til ei kartlegging, der Mastrevik Mek. vart sett som pri 2 der ein skulle undersøka nærare, men det skjedde ikkje noko meir. Lerøy sa at han har snakka med grunneigar, og det som skal vera av forureina masse skal anten ligge djupt i grunnen, eller alt vera spylt ut av vatnet. Det er ikkje forureining i sjølve vassmassene, og grunnen er dekkja med pukk og grus.

Dei som driv aktivitet i Mastrevik seier at det er vassaktivitet i vassmassane og ikkje i sedimenta. Kjenner seg trygg på at dersom miljøretta helsevern var urolege for dette, så ville dei sagt i frå. Ser ikkje grunn til å rå frå bading. Men om det er graveaktivitet der som beveger sedimenta på botnen så er det grunn til å rå frå aktivitetar. Mastrevik har mange fasilitetar som gjer at det er eigna for denne aktivitet. Når vasskvalitetene er målt til å vera god, så er ein overtydd om at det er trygt.

Hege Ramsland (H) sa at Mastrevik er godt eigna for Havglede, med garderobar, toalett og kjøkken på plassen. Det er vanskeleg å finna eit like godt eigna plass.

Marita Bru (Bygdelista) sa at det er summen av eksponering i oppveksten som er avgjerande. Viste til at andre kommunar som Askøy og Bergen har rydda opp hjå seg, og sat kommunen bør ta omsyn til det og ikkje bør bruka arealet før det er rydda lovmessig.

Per Lerøy (Ap) sa at han heldt seg til at badevatnet er godkjent av Miljøretta helsevern.

Reidar Øksnes (Ap) spurte kva som er meint med lovmessig opprydding, og la til at det som måtte vera her må vera skylt ut.

De var to interpellasjonar til dette møtet. Begge var frå Marita Bru (Bygdelista), og begge ligg ved møtebok.

Ordførar Per Lerøy (Ap) klarla kva som er reglane for interpellasjonar.

Marita Bru (Bygdelista) la fram interpellasjonen sin om samansetning av styringsgruppe for planstrategien. (Denne ligg ved).

Per Lerøy (Ap) svara at i formannskapet var det lagt opp til at formannskapet skulle vera styringsgruppe.

Fungerande rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ei endring evt må gjerast seinare. Kan ikkje svara på kvifor administrasjonen ikkje kom tilbake med ei sak om dette til kommunestyret. Viste elles til at ein diverre ikkje har klart å gjennomføra alle saker som planlagt opå grunn av Korona og sjukdomsfråvær. Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at Høgre har i sitt program at ein skal vurderer å innføra utvalsmodellen (der arealsaker kan hamna i eit anna utval enn formannskapet). Mrn kva som er tenleg må ein sjå i ein større samanheng.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om når saka om planstrategien kjem til kommunestyret. Fungerande rådmann Bjørnar Fjellhaug svara at den kjem til kommunestyret etter at den har vore på høyring, men skal først tilbake til formannskapet etter høyringa.

Reidar Øksnes (Ap) ba om at denne problemstillinga om styringsgruppe vert lagt ved saka når det kjem til kommunestyret.

Ordførar Per Lerøy konkluderte med at ein tar saka opp i sin heilskap i neste kommunestyremøte.

Marita Bru (Bygdelista) la fram sin interpellasjon om Øksnesmarka (ligg ved møteboka).

Ordførar Per Lerøy svara at vedtaket frå 11. april 2019 er førande for planstatusen i Øksnesmarka. Det er krav om reguleringsplan før utbygging kan skje, og denne planprosessen skal gje svar på korleis området kan brukast. Næringsområde N18 Øksnesmarka er ikkje tilstrekkeleg utgreidd til næringsutbygging per no, og før det kan skje må det lagast reguleringsplan med kartlegging av naturmangfald med meir. Lerøy sa vidare at det er uansvarleg av ein Robek-kommune å starta med utgreiing slik det er lagt opp til frå Bygdelista. Dei føringane som ligg, betyr at Øksnesmarka nær sagt er freda fram til ein aktør vil ta på seg den store kostnaden med å gjennomføra ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

Marita Bru (Bygdelista) svara at kommunen likevel kan ta dette opp?

Ordførar Per Lerøy (Ap) svara det ikkje er nokon grunn til det, når det er lagt føringar om reguleringsplan.

Inger Lise Brekke (Høgre) sa at Høgre har i sitt program at området ikkje skal brukast til næring som skaper store sår. Det vil vera krevjande for administrasjonen om ein no skal gjera utgreiingar av aktuelle utbyggingsprosjekt, det må skje om det kjem aktuelle aktørar.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han synest framlegget frå Bygdelista er næringsfiendtleg, og sa vidare at kommunen ikkje kan starta på eit planarbeid som gjev store kostnader. Men det er mogleg å ivareta næring og miljø samstundes,

Aslak Bakke (H) sa kommunen må ta i mot aktivitet med opne armar. Bakke sa vidare at han ikkje trur det vil skje så mykje i i Øksnesmarka, og sa vidare at han trur publisiteten rundt dette området ikkje tener kommunen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han ser det som Høgre seier om arbeidsløyse, og kommunen må som Aslak Bakke seier ha areal å tilby. Ap seier også nei til rasering av Øksnesmarka, men om det kjem nokon som spelar på lag med naturen så er det OK. Seier nei til å sprengja flatt og lagra kjetting, men om nokon vil produsera mat så seier ein ja. Det er mogleg å spela på lag med naturen.

Marita Bru (Bygdelista) sa at dersom det skal komma aktivitet i Øksnesmarka, så ser ikkje Bru kva industri dette skal vera utan at det kjem i konflikt med naturen. Til dette svara Per Lerøy (Ap) at ein ikkje veit kva konsekvensar det er tale om utan ei konsekvensutgreiing.

Det vart røysta over interpellasjonen.

Den fekk støtte av Marita Bru (Bygdelista) og Sp sine tre representantar Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Lise Renate Helle og Reidar Øksnes. Framlegget fall med 4 mot 13 røyster.

Orienteringar.

Kommunalsjef Monika Kvamme orienterte om Korona-situasjonen.

Per no er det 11 med smitte, fordelt på fem smittegrupperingar. Har testa 584 personar.

For å få betre plass på legekantoret har ein flytta jordmor, psyk. helse og helsesøster opp i 2. etasje på kommunehuset, der Nav var tidlegare. Nye kontor var operative frå onsdag 23/9.

Korona-situasjonen er krevjande for bemanninga, og ein skal ha intervju på ny lege fredag 24/9. Har også tilsett ein ekstra helsesekretær frå august, og skal ha ein ekstra sjukepleiar på legekantoret frå oktober til august 2021. Er mykje arbeid med å få følgja opp indekspersonar, og smittesporing elles. Kommunen oppfattar signala frå regjeringa slik at ein skal få dekka kostnader til den ekstra bemanninga. Får elles tildelt meir utstyr no som kommunen har fått inn smitte, men frå 2021 må ein dekka smittevernustyr sjølve.

Har kjørt informasjon gjennom heimeside og via SMS, og ordføraren har uttalt seg til media.

Media er raskt på, VG hentar data frå MSIS, registeret som viser smitte. Det er ein eigen Korona-telefon som skal brukast heller enn det vanlege nummeret til legekantoret. Jobbar med å få informasjonen ut til alle, men det er klart at ein kan glippa. Om det er smitte på sjukeheimen kan me gå ut, men er ikkje detaljert utanom. Dei som driv smittesporing er underlagt teieplikt på kven indekspersonane er.

For helse generelt jobbar ein med bemanninga, få folk til å gå opp i stilling og få fylt dei stillingar ein har lyst ut. Ser på smittetrykket i nabokommunar, og med tanke på dei som jobbar i fleire kommunar eller i ulike einingar.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte om informasjonen som går ut til innbyggjarane. Burde det blitt informert om at ein ikkje har nokon i karantene på sjukeheim/skule eller liknande.

Monika Kvamme svarta at det er ein balansegang på kva kommunen skal gå ut med, og sa vidare at bør etablerast ein vekerapport på kva som har skjedd den siste veka.

Reidar Øksnes (Sp) spurte kva som må dekkast av kostnader til smittevernustyr. Monika Kvamme svarta at kommunen må dekkast kostnader til smittevernustyr frå 2021, men at kostnader til ekstra personale skal dekkast av staten.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at det er gjort ein kjempeinnsats med smittesporing og liknande arbeid. Kommunal kriseleing (KKL) har måtta stramma inn på ein del aktivitetar, må vera strenge for å unngå utbrot i kommunen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er eit stort behov for informasjon, og dette vert det jobba med. Om dei smitta og dei som er i karantene sa Lerøy at dette ikkje er kjent sjølv i KKL. Nærkontaktar vert kontakta på telefon, om ein ikkje vert kontakta kan ein senka skuldrene.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er ønsker om at fleire skal testa seg eller om det er OK som i dag?

Kommunalsjef Monika Kvamme svarta at det vert gjort ei vurdering av om ein skal testast, skal ikkje testa nærkontaktar som ikkje har symptom, desse skal i karantene men ikkje testast før dei evt. får symptom. Ser at det kan vera mørketal på grunn av at ikkje alle har symptom. Kommunen har testing i teltet og evt. Korona-rommet, og Røde Kors er til hjelp med avvikling av testing. Ein jobbar saman i team for å diskutera, slik at ein ikkje gjer feil i vurderingane kring Korona.

Rikke Heldal Hope (H) sa at kommunen gjerne kan gå ut med dette at ein testar ved symptom og elles skal ein vera i karantene. Dette med informasjon ein gong i veka hadde vore bra. Spurte kva som er tiltaka ved smitte på institusjonar og skule.

Kommunalsjef Monika Kvamme svarta at ved smitte i ein klasse så er det klassen i karantene, etter vurdering frå smittevernlegen. Per Lerøy (Ap) la til at systemet med kohortar har vist seg å fungera godt andre plassar.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at det kjem an på dei ulike kohortar og om det er born eller vaksne. Skulle det vera vaksne smitta som har vore i fleire kohortar må ein evt. stenga ned meir. Med låg terskel for å vera heime med luftvegssymptom er det større fråvær, ser at det kan enda med at ein må stenga ned avdelingar ved behov (i barnehagar). Det er utfordringar, men stort sett opplever ein å få forståing frå foreldra.

Marita Bru (Bygdelista) ba om at folk vart oppfordra til å halda seg heime ved teikn på forkjøling. Er mykje verre om dei kjem på arbeid og smittar andre.

Kommunalsjef Monika Kvamme sa at tilbodet om transport av pasientar vil avviklast frå 121020, og at kommunen må vera i dialog med sjukehuset om korleis dette skal avviklast vidare. Nordhordland Taxi har sagt nei til det tilbodet som Helse Bergen har komme med.

Per Lerøy (Ap) sa at det er innført registrering av alle dei som er innom kommunehuset, og på serveringsstader. Elles er det vaksinasjon i haust for vanleg influensa.

Kommunalsjef Harald Dommersnes orienterte om arbeidet med den nye organisasjonen. Leiinga har fått tilbakemeldingar i dag om at informasjonen kunne vore betre, det som så langt er brukt er e-post, intranett og allmøte. Dommersnes sa vidare at organisasjonsendring alltid er vanskeleg, fordi det angår den enkelte. Skal bli betre på informasjon framover, har fått klare tilbakemeldingar på dette frå administrasjonsutvalet. Arbeidsgjevar har eit kjempeansvar for at alle kjenner seg høyrde i denne

prosessen.

Dommersnes gjekk gjennom det nye organisasjonskartet, der det er ein del endringar samanlikna med i dag. – Men dette betyr ikkje at ein skal tilsetta mange leiarar, men rekruttera internt i dei ulike boksane. Helse er den store endringa, med nye einingar. Ved å samla Nordliheimen og dei eldre heimebuande i ei teneste, skal ein sjå brukarane likt, og unngå silotenking. Legg kulturskulen under Kaland skule, medan Årås skule har vaksenopplæringa alt i dag. Det neste no er å laga rollebeskrivelsar for dei ulike stillingane.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug orienterte om skuleplan-arbeidet. For å gjera eit grundig arbeid kjem dette opp først seinare i haust.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om dette at det vert kort tid for å gjera arbeidet om ein vel å slå saman skulane. Vert krevjande for dei som må starta rett etter 21. januar med dette.

Bjørnar svara at det er knapt med tid, det er rett, men det er dette som er det realistiske for gjennomføring av denne prosessen. Per Lerøy (Ap) la til at det viktigaste er at me ein får eit godt grunnlag for avgjerder, og at alle får komma med sine innspel.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug orienterte om avtalen med Åsheim-elevane. Austrheim har ikkje sagt nei til desse elevane, men saka står om dei økonomiske rammene rundt dette, der ein har lagt med 25.000 kroner per elev. Denne økonomiske avtalen sa Austrheim opp med Alver. Rammetilskotet ligg på godt og vel 100.000 per elev til Alver, Austrheim meinte at ein burde få meir av desse midlane som låg der. Er semje no om ein mellombels avtale for innverande skuleår, der Austrheim har akseptert 35.000 kroner pluss PPT, skyss og liknande. Og så skal det lagast ein ny avtale for seinare år. Ønskjer at elevane skal vera hjå oss, det er til elevane sitt beste.

Per Lerøy (Ap) sa at Austrheim ønskjer Åsheim-elevane hjå seg, men på ein langsiktig avtale. Alver har ledig kapasitet på Lindås etter at den i si tid vart bygd ut for å gje rom til Skodvin-elevane.

Austrheim skal strekka seg langt for å behalda desse elevane, men det må vera ei regulering når prisen på 25.000 har lagt fast tilbake frå kring 1992.

Aslak Bakke (H) ba om at partia spelar inn til sine kollegaer i Alver at Åsheim-elevane må kunna få gå på Kaland som i dag.

Kommunalsjef Fjellhaug sa at ein har strekt seg langt etter dei politiske signala i Austrheim kommune, men kan ikkje gjera noko med det som skjer i Alver. Andre vegen betaler Austrheim meir til Alver for gjesteelevar den vegen.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 082/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

083/20: Adgang for folkevalde organ til fjernmøte

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim gjev adgang til at folkevalde organ kan avholde sine møter som fjernmøte.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i kommunelova § 11-7.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaminga av denne saka vart flytta til starten av møtet, etter godkjenning av innkalling og sakliste (og av møteprotokollen, men den var jo ikkje med).

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om saka, og sa at dette vedtaket må gjerast for at resten av dette møtet skal kunna avviklast som eit Teams-møte. Lovverket opnar for at kommunestyret kan gjera det på denne måten, ved å starta eit fjernmøte med å godkjenna avviklinga av denne typen fjernmøte.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det var OK å ha det førre kommunestyremøtet, 18. juni, som fjernmøte. Det vart avklara frå kommunalsjef Lindås at det var OK.

Vedtak i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 083/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim gjev adgang til at folkevalde organ kan avholde sine møter som fjernmøte.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i kommunelova § 11-7.

084/20: Alkoholpolitisk plan 2020 - 2024 - Austrheim kommune (etter høyring)

Rådmannen sitt framlegg:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

20.08.2020 FORMANNSKAPET

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 100/20 - 20.08.2020 - Vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 084/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

085/20: Kommunale bygg i Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
 2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
 3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.
-
1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
 2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
 3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.
-
4. Styringsgruppa for arbeidet er formannskapet.

17.08.2020 ARBEIDSMILJØUTVALET

Handsaming i arbeidsmiljøutvalet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AMU - 015/20 - 17.08.2020 - Vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vert sett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggjast til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

20.08.2020 ADMINISTRASJONSUTVAL

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap), viste til at saka hadde vore diskutert på gruppemøtet for Arbeidarpartiet og Høgre. Lerøy sa vidare at det er viktig at kommunen ikkje nyttar eksterne konsulentar i arbeidet, og at det vert sikra god medverknad frå dei tilsette. Ser særleg på situasjonen for helseavdelinga, at det er for lite plass der, og er samd med at nye system erstattar behovet for arkivplass. Viste også til at det har vore hendingar på kommunehuset med tanke på tryggleik, det er viktig at folk kan kjenna seg trygge på jobben.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd med ordføraren i at ein må kunna løysa dette utan eksterne konsulentar. Medverknad er neste stikkord, må få med alle som jobbar her, og sikra at folk vert høyrde. Også viktig å hugsa publikum, det å vera open og tilgjengeleg er viktig i lokalsamfunnet. Det er ikkje alle som er digitale, og det må vera mogleg å komma inn på kommunehuset. Ser at mykje papir er erstatta av digitale løysingar, og arkivlokale kan brukast til andre føremål. I den grad det er tanke om opne kontorlandskap, ba Dyrkolbotn om at ein tok omsyn til siste forskning på bruken av opne kontorlandskap.

Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje må bygga om berre for å bygga om, og var samd med Dyrkolbotn i at ein må ta omsyn til dei siste forskingsrapportar når det gjeld opne landskap.

Morten Sognes (H) viste til at bygget var reist som opne landskap og seinare endra til cellekontor. Kommunen må hausta av den erfaringa, og ikkje bygga tilbake til opne landskap. Oppmoda vidare til å bruka dei tilsette og den kompetansen ein har, og ikkje henta inn konsulentar.

Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) ba om at bruken av bygget vart vurdert i samanheng med det pågåande arbeidet med omorganisering, slik at ein har plass til dei fagmiljøa ein skal etablera i organisasjonen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kartleggingsfasen som ein skal i gang med no, vil gje svar på dei spørsmåla som er oppe. Skal spørja alle som er her på huset, men kan også verta naudsynt å henta inn eksterne krefter, med tanke på at dette er eit eige fagfelt. Målet er å oppnå samvirke mellom ulike einingar, der ein får samarbeid mellom einingane. Som dømes kanskje felles venterom for lege, psykolog og helse elles.

Inger Lise Brekke (H) viste til Helsehuset i Knarvik, og ba om at ein la til rette for at andre tenester kan komma hit i kommunen sine lokale, noko rådmann Løvvik svara nettopp var tanken.

Monika Gabrielli (HTV UTD) sa at medverknad er viktig, slik at ein får fram kva som er kritiske punkt og minimumsbehov for tenestene. Om bruk av konsulentar viste Gabrielli til at ein nettopp har vore gjennom ein kuttprosess, og at det då er viktig å bruka minst mogleg på eksterne konsulentar.

Per Lerøy (Ap) sa at det kan vera eit alternativ å få inn kyrkjekontoret på kommunehuset, i tillegg må ein jobba for å få ulike fellesfunksjonar hit, frå samarbeidstenester med andre kommunar. Må vidare ha kontakt med Coop om deira utvikling av senteret, slik at ein ikkje bygger like ting begge stader.

Inger-Lise Brekke (H) viste til løysinga i Alver kommune der bibliotek og innbyggjartorg er flytta til senteret, der folk ferdast, og fekk støtte av ordførar Lerøy.

Odd Harald Dommersnes sa at ein skal ha dialog vidare med Coop om deira utvikling av Mastrevik Torg. For kartlegging av kommunehuset kan ein gjerne sjå til fylkeskommunen som driv planlegging av nytt bygg, der publikum er i fokus. Elles bør ein ta med brukarrepresentantar i kartlegginga.

Liv Løvvik viste til at ønsket om service har endra seg, og folk forventar at ein kan svara raskare og utover vanleg opningstid som i dag. Ønskjer å tenka nytt om korleis kommunen tilbyr tenester, kvifor skal ein ikkje tilby barnehageplass, heller enn at foreldra må søka om dette.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at tanken om felles bibliotek og publikumsservice var tanken for det opphavleg planlagde kommunehuset, før dagens vart bygd.

Per Lerøy (Ap) etterlyste at ein kan bygga opp igjen eit Familiens Hus, eit tilbod han oppfatta som ein suksess den perioden kommunen hadde dette.

Bjørnar Fjellhaug, kommunalsjef oppvekst og kultur, sa at ein ser på etablering av Familiens Hus igjen, for å sikra gode fagmiljø der ein kan jobba godt saman. Lyser no ut etter to psykologar, den eine i PPT, der dette er ein del av arbeidet med å styrka fagmiljøet. Tanken er at ein er til for innbyggjarane, og skal jobba til deira beste.

Inger-Lise Brekke (H) sa at brukarane vil tena på ein tenkjer på tvers av fagmiljøa. Dette kan også vera med på å hjelpa kommunen med rekrutteringa.

Monika Gabrielli (UTD) sa at det er viktig med medverknad, for å få folk med seg på ny organisering.

Rådmann Liv Løvvik sa at intern medverknad er viktig, men må også henta inn ekstern kunnskap.

Morten Sognnes (H) sa at det er viktig med medverknad, men det må skje etter ein tidsplan, og ved slutten av dette må det takast ei avgjerd, og det er det rådmannen som må ta.

Handsaming i administrasjonsutvalet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

ADM - 014/20 - 20.08.2020 - Vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vertsett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggest til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

20.08.2020 FORMANNSKAPET

Denne saka var oppe i administrasjonsutvalet tidlegare same dag. Sjå referatet frå administrasjonsutvalet for debatten der.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 098/20 - 20.08.2020 - Vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vertsett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og

- der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
 3. Det må i ein slik prosess leggest til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

1. Utvalet sluttar seg til at det vertsett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggest til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.
4. Styringsgruppa for arbeidet er formannskapet.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka. Ein må sjå framover, er bygga våre eigna for framtidig bruk? Det er kommunehuset ein ser på no, evt. om det kan flyttast inn andre brukarar til kommunehuset.

Dommersnes sa at det skal leggest til eit tillegg med eit ekstra punkt:

4: Styringsgruppa for arbeidet er formannskapet.

Inger Lise Brekke (H) spurte om tryggleik og tilkomst på kommunehuset. Dommersnes svara at bygget er ope på kveldstid, der ein har tilgang til nesten heile bygget, på tida der Servicekontoret ikkje er ope. På dagtid er det ingen som slepp opp i bygget.

Per Lerøy (Ap) sa at når biblioteket er ope kan det henda at det berre er ein som er på jobb på huset. Ordføraren sa vidare at her blir det gjort ein gjennomgang av bygget, for å sjå korleis ein kan bruka huset best mogleg.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med nytt punkt 4.

KS - 085/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

1. Utvalet sluttar seg til at det vertsett i gang ein prosess med å gå gjennom nyttinga av areal i kommunale bygg i kommunen, med spesielt fokus på Austrheim kommunehus. Målet er å nytte areal i kommunale bygg betre, betre tilpassa behovet til tenestene og innbyggjarane, og der dei tilsette sine behov takast i vare.
2. Utvalet presiserer at arbeidsgjevar har det overordna ansvaret for gode arbeidstilhøve. I prosessen må det skje ei kartlegging av behov før ein utarbeider romprogram for ei endra arealnytting
3. Det må i ein slik prosess leggest til rette for medverknad, og utvalet ber om at det vert utarbeidd ein plan for informasjon og medverknad for prosessen.

4. Styringsgruppa for arbeidet er formannskapet.

086/20: Medlemskap i Nettverk fjord- og kystkommunar (NFKK)

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen tilrår medlemskap i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå 2021. Frametter vil aktiv forvaltning av sjø- og kystsonen til næringsføremål vere eit viktig potensiale for verdiskaping. Kommunen bør delta i arbeidet om riktige rammevilkår for området.

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

20.08.2020 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette nettverket kan gje kommunen betre kunnskap om kva som skjer med til dømes auksjonsrundane for fiskeoppdrett, ved at ein får betre informasjon gjennom nettverket enn kva som kjem direkte til kommunen. Austrheim kan i tillegg vera med i lobby-arbeidet for å unngå at staten tar større og større deler av inntektene frå auksjonering av oppdrettskonsesjonar, slik det er tale om å gjera. Vil gjerne vera med frå årsskiftet, slik at ein ikkje brukar midlar i 2020.

Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) sa at ein i utgangspunktet ikkje vil påføra kommunen auka utgifter, men her er det eit medlemsskap som kan vera viktig for å auka inntektene til kommunen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 099/20 - 20.08.2020 - Vedtak:

Rådmannen tilrår medlemskap i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå 2021. Frametter vil aktiv forvaltning av sjø- og kystsonen til næringsføremål vere eit viktig potensiale for verdiskaping. Kommunen bør delta i arbeidet om riktige rammevilkår for området.

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.

3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

Ordførar Per Lerøy orienterte om Nettverk for fjord- og kystkommunar (NFKK). Medlemmene der er betre orienterte om Havbruksfondet, enn Austrheim og andre som står utanfor. Austrheim kan få mindre i utbetalingar etter dei endringane som er gjort, men om ein står på utsida får ein ikkje informasjon og har ikkje påverknad på dette arbeidet. Tidlegare fekk kommunane 80 prosent av det som kom inn i oppdrettsauksjonane, dette ville staten snu til 30/70, men organisasjonen klarte å snu dette til 70/30 i favør kommunane. Meiner at det er rett å bruka 30.000 kroner på dette medlemskapet, det vil gje god avkastning for Austrheim. Det har vore stor etterspurnad etter konsesjonar i år.

Hege Ramsland (H) sa at dett vert å rekna som ei utgift til inntekts erverv.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det høyrest rett ut å vera med. Vidare burde Austrheim jobba for å få fatt i ein av desse utviklingskonsesjonane, og komma inn i den nye typen opprett

Per Lerøy (Ap) svara at dette er kompetanse ein an ta del i som medlem i nettverket.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er rett å vera i dei fora der ein kan påverka i første hand.

Ba om at det i vedtaket berre vart teke med dei tre kulepunkta.

Handsaming i kommunestyret.

Samrøystes vedtak om dei tre kulepunkta i rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 086/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at Austrheim kommune vert medlem i Nettverk Fjord- og Kystkommunar (NFKK) frå og med 2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen kontinuerleg vurdere nytten av medlemskapet.
3. Årleg medlemskontingent på kr 30 000,- vert dekt inn i budsjett for næringsutvikling frå og med 2021.

087/20: Finansreglement

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap vedtek Finansreglement for Austrheim kommune

24.09.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om arbeidet med nytt finansreglement.

- Viste til punkt 1.7 om etiske retningslinjer, og ba om at ein følgjer det som ligg frå Fn og Statens pensjonskasse utland.

- Viste til risikovurderingar, og sa at det er mogleg å gjera finansielle kupp, men det er forbunde med risiko. Må eventuelt ha kompetansen til dette.

- Vil heretter rapportera med finansrapport i tillegg til tertialrapport, når desse vert lagt fram.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette ser bra ut som reglement. Som liten kommune skal ikkje Austrheim driva mykje med denne pengeflyttinga.

Kommunalsjef Dommersnes vektla at han treng dette reglementet for å kunna reforhandla og refinansiera låna.

Representantane Helge Dyrkolbotn (KrF), Inger Lise Brekke (H) og Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) støtta at dette er eit godt reglement.

Handsaming i formannskapet:

Ordlyden i vedtaket retta sidan det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak, frå Austrheim formannskap vedtek Finansreglement for Austrheim kommune.

til:

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta finansreglement for Austrheim kommune.
Sistnemnde vart samrøystes vedteke.

FS - 106/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Formannskapet tilrår kommunestyret å vedta finansreglement for Austrheim kommune.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 087/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Austrheim formannskap vedtek Finansreglement for Austrheim kommune

088/20: Innkjøpsreglement

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at til ei kvar tid gjeldande forskrift om offentleg anskaffingar skal verte nytta som innkjøpsreglement i kommunen.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Skatteoppkrevjar Bjarne Ve Sæbø orienterte om saka.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

KS - 088/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at til ei kvar tid gjeldande forskrift om offentleg anskaffingar skal verte nytta som innkjøpsreglement i kommunen.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

089/20: Innkjøpsstrategi

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Skatteoppkrevjar Bjarne Ve Sæbø orienterte om saka.
Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om det er kompetanse om innkjøp på huset. Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes svara at ein skal skaffa den kompetansen. Med kompetanse på innkjøp på plass så vil ein vera eit fyrtårn lokalt. I dag er det mindre avtalar som ikkje etterlever krava for offentlege anskaffingar.
Aslak Bakke (H) sa at ein må sjå om lokale kan brukast der det er mogleg.
Reidar Øksnes (Sp) sa at ein ved lokale kjøp kan sleppa å binda mykje kapital i lagra varer.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 089/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vedtek at det vedlagte dokumentet «innkjøpsstrategi Austrheim kommune 2020-2024» vert gjeldande strategi for innkjøp i Austrheim kommune.

090/20: Oppseiing av avtale mellom Austrheim sokn og Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyret seier opp «Avtale mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune om tenesteyting» revidert mai 2011 frå 01.01.2021. Soknet får frå same tid kontorhald i kommunehuset. Rådmannen får fullmakt til å inngå ny avtale om tenestyting.

Austrheim kommunestyret seier opp «Avtale mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune om tenesteyting» revidert mai 2011 frå 01.01.2021. Soknet får frå same tid kontorhald i kommunehuset. Rådmannen får fullmakt til å utarbeide ny avtale om tenesteyting i samarbeid med kyrkjeverge. Avtalen skal leggjast fram for kommunestyre og sokneråd for endeleg godkjenning.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Nytt framlegg frå KrF foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Austrheim kommunestyret seier opp «Avtale mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune om tenesteyting» revidert mai 2011 frå 01.01.2021. Soknet får frå same tid kontorhald i kommunehuset. Rådmannen får fullmakt til å utarbeide ny avtale om tenesteyting i samarbeid med kyrkjeverge. Avtalen skal leggjast fram for kommunestyre og sokneråd for endeleg godkjenning.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka. Rådmannen ønskjer å seia opp avtalen og revidera denne.

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram eit eige framlegg til vedtak, mellom anna med at avtalen skal leggst fram for soknerådet for endeleg godkjenning.

Handsaming i formannskapet:

Det vart røysta over dei to framlegga.

Samrøystes for KrF sitt framlegg til vedtak.

KS - 090/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyret seier opp «Avtale mellom Austrheim sokneråd og Austrheim kommune om tenesteyting» revidert mai 2011 frå 01.01.2021. Soknet får frå same tid kontorhald i kommunehuset. Rådmannen får fullmakt til å utarbeide ny avtale om tenesteyting i samarbeid med kyrkjeverge. Avtalen skal leggjast fram for kommunestyre og sokneråd for endeleg godkjenning.

091/20: Val av forliksråd for perioden 2021-2025

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vel som forliksråd for perioden 2021-2025 desse medlemmene:

Faste medlemmer	Vald av	Vara nr.	Varamedlemmer	Vald av
Oskar Nordgard, fødd 301270	Austrheim kommunestyre	1	Kamilla B. K. Karlsen, fødd 030288	Fedje kommunestyre
Toril Lohne Hordvik, fødd 210983	Austrheim kommunestyre	2	Jan Hopland, fødd 180368	Austrheim kommunestyre
Inger Steinsbø, fødd 051058	Fedje kommunestyre	3	Linda Syslak, fødd 150762	Austrheim kommunestyre

Som leiar: Oskar Nordgard	Vald av Austrheim kommunestyre			
---------------------------------	--------------------------------------	--	--	--

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Leiar av valnemnda, Ann Kristin Leirvåg (Ap), orienterte om at dette er eitt år lengre periode enn det som var vedteke i sommar.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedteke.

KS - 091/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel som forliksråd for perioden 2021-2025 desse medlemmene:

Faste medlemmer	Vald av	Vara nr.	Varamedlemmer	Vald av
Oskar Nordgard, fødd 301270	Austrheim kommunestyre	1	Kamilla B. K. Karlsen, fødd 030288	Fedje kommunestyre
Toril Lohne Hordvik, fødd 210983	Austrheim kommunestyre	2	Jan Hopland, fødd 180368	Austrheim kommunestyre
Inger Steinsbø, fødd 051058	Fedje kommunestyre	3	Linda Syslak, fødd 150762	Austrheim kommunestyre
Som leiar: Oskar Nordgard	Vald av Austrheim kommunestyre			

093/20: Tertialrapport II 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet/kommunestyret tek rapporten til vitande

24.09.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom tertialrapporten del for del. Mellom anna for barnevern er kostnadene ein del over budsjett.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kva utgifter kommunen har i samband med Covid 19. Dommersnes svara at det er for løn vert gjort anslag for kor mykje tid som går til Covid-19, elles er det ein del reine utgifter til materiell med meir.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om kostnaden til medlemsskap i regionrådet vil komma rundt 100.000 over budsjett.

Kommunalsjef Dommersnes sa om investeringsbudsjettet, der ein del prosjekt ikkje er i gang, at det må settast opp med reelle prosjekt og ikkje som ei ønskeliste. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om dette at administrasjonen må presisera kva dei har kapasitet til å gjennomføra. Om same sak sa ordførar Per

Lerøy at det må vera betre prosjektleiing på investeringsprosjekta.

Kommunalsjef Dommersnes sa om sjukefråvær at dette må jobbast med. Det er ei samansett utfordring, må ha fokus på leiaropplæring, og ha leiarar som fremjar det helsefremjande arbeidsmiljøet. Eigenmeldt sjukefråvær er lågt, langtidssjukemeldingar er det alvorlege.

Om sjukefråvær sa rådmann Liv Løvvik at det må brukast ein del midlar til eit prosjekt for lågare sjukefråvær.

Bjørn Dyrkolbotn (Sp) spurte om sal av eigedommar. Kommunalsjef for service og forvaltning, Thomas Lindås, sa at for to bustader som er selt, så er desse kjøpt av dei som eig andre halvdel. Har framleis andre eigedommar for sal.

Ordførar Per Lerøy sa at ein må finna gode løysingar for å husa dei som ein har plikt til å busetja.

Kommunalsjef Lindås sa om dette at det er under planlegging leilegheiter for hard bruk, dette er tenkt realisert neste år, finansiert med midlar frå det som kommunen sel no.

Kommunalsjef Lindås sa vidare at det er eit bustadareal på Kaland som ligg ute for sal framleis, og ein vil leggja ut eit næringsareal på Mongstad også for sal på den opne marknaden.

Rådmann Liv Løvvik sa at budsjettmålet for 2020 var 4,5 millionar i selde eigedommar, om det går som ein håpar. Med dette så kan ein investera neste år.

Handsaming i formanskapet:

Samrøystes for å ta tertialrapporten til vitande.

FS - 121/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Formannskapet tok rapporten til vitande.

24.09.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka. Det er lagt opp til eit nedtrekk på 17 millionar kroner neste år. Dette kan verta mindre, med lågare lønsutvikling og lågare rente. Kva det vert kjem an på rammetilskottet, men 17 millionar er nok over det reelle.

Ordførar Per Lerøy sa at det kjem nokre midlar ved sal av eigedommar og avvikling av Mongstad Vekst.

Inger Lise Brekke (H) takka for god informasjon, og sa at det er bra med god kontroll.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) sa at når det ser bra ut for august så er gjerne prognosen for året betre. Odd Harald Dommersnes svaa at det er usikkerheitsmoment her med Covid 19, og la til at han vil ikkje vera for optimistisk no og så måtta stå her i januar og seia «at me ikkje klarte det». Ba om at ein ikkje brukar pengane før dei er på konto.

Ordførar Per Lerøy (Ap) peika på at skatteinngangen er god, og no ligg over Bergen. Det er bygging av disposisjonsfond og næringsfond som må komma først, eventuelt investering i skule og vegprosjekt om ein klarer å finna midlar til dette.

Aslak Bakke (H) spurte om tal for arbeidsløyse i Austrheim. Inger Lise Brekke (H) sa at arbeidsløysa er lågare i nabokommunane. Det som har vore utfordrande tidlegare, er at arbeidsløysa har vore høg lenge.

Aslak Bakke (H) spurte om sjukefråvær. Kommunalsjef Dommersnes sa at ein skal jobba målretta med å få ned sjukefråværet.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - 093/20 - 24.09.2020 - Vedtak:

Kommunestyret tek rapporten til vitande
